



Den "nye" Sandakaien er ein suksess. Ikkje minst er det fint å leggja til der for større båtar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Trafikken har teke seg noko opp i det siste, ikkje minst dei siste dagane. Det kan hamnevert Leon Gundersen i Uskedal Båtlag fortelja til uskedalen.no. Inntil tirsdag morgon hadde han notert 988 gjesteovernattningar hittil i år medan det tilsvarande talet på same tid i fjor var 1.070, altså ein nedgang med rundt 200.



Polakkar har vitja Uskedalen pr. båt i sommar.

Men ein må også ta med i reknestykket at den "nye" Sandakaien har vore ein suksess. Berre ved den har det vore 80 overnattingsdøgn sidan opprustinga for nesten ein million var fullført for knapt to månader sidan. Om Sandakaien-båtane ville lagt til i dei to "gamle" båthamnene hvis dei ikkje hadde kome til den "nye" kan ein ikkje veta. Men Gundersen strekar under at Sandakaien er eit svært godt tilbod, ikkje minst for dei store båtane

Går ein nærare inn i statistikken til båtlaget, fortel den at det var betre trafikk enn i fjor både i april, mai og juni. Junitalet vart til dømes 150 eller 60 fleire



Hollendarar har vitja Uskedalen pr. båt i sommar

døgn enn i juni 2006. Det fine veret spela som ein forstår sterkt inn i denne månaden.



Tyskarar har vitja Uskedalen pr. båt i sommar

I juli var det motsett – då kom det ein baksmell på grunn av det våte veret og statistikken enda på 600 som var 200 færre enn juli 2006.
- Det var stutt sagt i juli svikten kom, men på den positive sida må vi notera eit betydeleg utanlandsk innslag i denne månaden – både av hollendarar, polakkar og tyskarar, seier Leon.

Ellers går den årlege, landsomfattande tevlinga om å bli Årets Gjestehavn mot slutten og punktum blir sett onsdag 15. august klokka 16. Tirsdag er det Bekkjarvik i Austevoll som leiar tevlinga medan vinnaren i to år – Husnes – førebels ligg på fjordeplassen. Også dei har hatt sin svikt i trafikken denne sommaren.

I fjor var Uskedalen med på denne eksklusive lista heilt til slutt, men det er ikkje tilfelle i år. Vi er i hvert fall ikkje å finna blant dei 15 som så langt scorar høgst. 129 hamnar Noreg rundt har fått røyster denne sommaren.

Av Ola Matti Mathisen